

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 08.11.2016
SAKSHANDSAMAR: Arne Skjelten
SAKA GJELD: **Etiske retningslinjer - implementering i Helse Førde**

ARKIVSAK: 2012/1572
STYRESAK: **066/2016**

STYREMØTE: **18.11.2016**

Tidlegare handsaming i styret: 040/2012 A, 079/2013 O, 060/2014 O, 069/2015 O

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek saka til vitande.

Bakgrunn

Styret i Helse Førde HF godkjende i styremøte 25.05.2012 at dei vedtekne etiske retningslinjene for føretaksgruppa Helse Vest, gjeldande frå 07.05.2012, også skulle implementerast i Helse Førde.

«Helse Vest RHF ber om at verksemdene behandlar dei etiske retningslinjene i styrene, og at retningslinjene blir implementerte og gjort kjende i organisasjonane. Helse Vest RHE føresett at styrene i verksemdene årleg behandlar dei etiske retningslinjene», ref. brev av 18.6.2012.

Fakta

Arbeidet med etiske retningslinjer blei satt i gang på bakgrunn av Stortingsmelding 13 (2006/2007) «Et aktivt og langsiktig eierskap». Her legg regjeringa til grunn at statleg eigde selskap har etiske retningslinjer, og at desse er offentleg tilgjengelege.

I føretaksmøtet for 2011 la Helse- og omsorgsdepartementet til grunn at «dei regionale helseføretaka og helseføretaka har utarbeidd etiske retningslinjer for verksemda si, og at retningslinjene er godt kjent og publisert på verksemdene sine heimesider. Retningslinjene skal gjerast gjeldande for alle tilsette, og så langt dei passar og for styremedlemmer og andre som representerer helseføretaket».

Både deltakarar frå føretaka og tillitsvalde var med og arbeidde fram det endelege dokumentet om etiske retningslinjer for Helse Vest. Konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod deltok også i prosessen. Forslag til retningslinjer var behandla blant anna på HR – direktørmøte og i AD – møte i Helse Vest før det vart endeleg vedteke i Helse Vest RHF 07.05.2012, og seinare i Helse Førde HF 25.05.2012.

Om retningslinjene

Det er viktig at dei etiske retningslinjene når alle medarbeidarane, slik at alle har kjennskap og kunnskap om dei etiske problemstillingane dei kan møte innafor sitt fagområde. Helsepersonell er gitt rammer for svært viktige avgjerder saman med pasienten. Dette må vi vere bevisste for å sikre god pasientbehandling. Det er oppgåva til helsepersonellet å skape balanse overfor pasienten ved hjelp av god informasjon og etisk refleksjon.

Dei etiske retningslinjene gjeld for alle medarbeidarar i Helse Vest. Dette omfattar mellombels tilsette og personar som utfører oppdrag på vegne av helseføretaka eller Helse Vest IKT AS.

Tanken er at dei etiske retningslinjene skal vere til god hjelp i fleire situasjonar anten det gjeld som fagperson, kollega eller leiar.

Dei fleste etiske vala vi tar er små, men når vi samlar dei saman så betyr dei noko. Det betyr at kloke refleksjonar kan utgjere ein skilnad:

- Dei etiske retningslinjene skal vere så konkrete som råd slik at dei er enkle å forstå for alle medarbeidarane
- Dei etiske retningslinjene er ein viktig premissgjevar for ønskt åtferd og kultur i føretaket
- Dei etiske retningslinjene er ei presisering av den allmenne etikken som gjeld for alle medarbeidarane på alle nivå

Status implementering

Ifm implementering vart fylgjande tiltak gjennomført:

- I forkant av styrebehandling 25.05.2012 vart saka behandla i føretaksleiinga, og det vart vidare informert i møte mellom føretaksleiing og tillitsvalde/verneombod
- Brosjyra «Felles etiske retningslinjer for Helse Vest» vart delt ut til alle tilsette i føretaket.
- Det vart lagt ut nyheitssak på intranettet
- Dei nye etiske retningslinjene inngår i personalhåndboka

Vidare:

- Det har vore gjennomgang og opplæring i fullmaktssystemet vårt når det gjeld økonomisk mynde.
- Vi har register som gjeld bistillingar og erverv
- Vi har system for forskingsstøtte på plass
- Pasientverneombod
- «Lytteposten» enkelt system for mottak av klager og andre tilbakemeldingar frå våre brukarar, på plass.
- Obligatoriske opplæringspakker innafor mange områder – m.a informasjonstryggleik
- ISO 140001 sertifisering i 2014. Grønt sjukehus har etikk som ein av føresetnadane.
- Rullerande nyheitssak på intranett for å setje kontinuerleg fokus på temaet.
- Gjennom innkjøpsrutinane er etiske retningslinjer eit av krava som vert stilt til leverandørane.

Særskilt fokus i 2016 har vore på korleis man skal sikre gode varslingsrutinar for våre medarbeidarar. Det er vedteke i styret i Helse Vest at helseføretaka i regionen skal innføre «den raude knappen» for varsling. I dette ligg at alle medarbeidarar skal kunne anonymt varsle i tråd med varslingsreglementet til eit eksternt kontaktpunkt som skal informere om saka til det aktuelle føretaket og Helse Vest. På denne måta sikrar me at medarbeidarar kan varsle om alvorlege sakar utan at dei vert gjenstand for oppfølging og evt sanksjonar.

For 2014, 2015 og 2016 har ein i samband med systematisert leiaropplæring brukt retningslinjene som grunnlag for drøfting og refleksjon.

«Det er eit samspel som grunnar i at vi er gjensidig avhengige av medarbeidarar og leiarar som kan og vil spele på lag. Ingen styringssystem kan nokon gong erstatte tillitsbaserte relasjonar eller fjerne behovet for individuell handlekraft og personlege initiativ. God leiarskap legg til grunn eit velfungerande medarbeidarskap, der kvar enkelt medarbeidar ser seg sjølv som ein viktig og naturleg del av ein større heilskap.»

Nyheitssak knytt til etiske retningslinjer var sist på intranett i november 2016.